



Bente Nilsen og Kjersti Børve har motteke Målblomen av Kristian Bringedal

SPAR vart i kveld tildelt Målblomen for dette året under årsmøtet til Kvinnherad Mållag i Gamleskulen og dagleg leiar Bente Nilsen kvitterte med å slå fast at butikken nyttar utelukkande nynorsk. Så heitte det då også i grunngjevinga at SPAR Uskedalen er eit føedøme for andre i same bransje. Nynorsk tekst på profilelementa vitnar om eit språkleg medvit som fortener ros og heider. Ved nyopninga i 2012 var dette den fyrste butikken i kjeden med ny profil og kravet frå eigarane var at all teksting på desse elementa skulle vera på nynorsk. Lokalt brukar butikken nynorsk i all kommunikasjon og marknadsføring



Folkemusikklaget slo an den rette tonen under mållagsårs møtet

Kvinnherad mållag er kjende med at butikken har fått positive tilbakemeldingar frå kundar og andre på valet av nynorsk tekst på skiltinga i butikken. Målblomen er delt ut årleg sidan 1999. Bente Nilsen var både overraska og glad for tildelinga.

Ein annan hovudpost under årsmøtet var førebuingane til samanslåing med Husnes mållag og no kjem den prosessen inn i eit avgjerande stadium. Ein komite som består av Kristian Bringedal, Øystein Skjævesland, Gaute Lund og Morten Nygård skal møtast og leggja til rette for vedtak i omframt årsmøte.

- Det vert eit knallgodt mållag, med over 100 medlemmar, sa Bringedal. Rett nok la han fram ein årsmelding med opplysning om nedgang med 5 medlemmer til 60, men laget er likevel godt nøgd med det høge talet og sæleg at dei ha medlemmer i heile kommunen.

Årsmeldinga slår fast at utgjevinga av Stølsboka var vellukka og at boka er utseld med unnatak av nokre arkiveksemlar

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen